

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20161384Oppdragsnr
2016019

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Mjåtveitstø 24	22	13	0	0	DALE BRAKSTAD EIENDOM (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	24.06.2016	09.30	I vegkryss v/Mjåtveitstø 22

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining			
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrund	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring
Klarlegging av eksisterande grenser i samband med utarbeiding av reguleringsplan på gnr 22 bnr 13 m/fl.

Saksbehandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent DALE BRAKSTAD EIENDOM			Rekvisisjonsdato 22.05.2016

Habilitet

Landmålaren sitt namn Per Atle Sæle
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
27-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Grensepunkt kontrollert			
27-2	Asfaltspiker Nedsatt i:				
16-1	Asfaltspiker Nedsatt i:				
80-1	Asfaltspiker Nedsatt i:				
109-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • revisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av 22/13 har 22.05.2016 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av nabogrenser i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

Oppmålingsforretning vart halde 24.06.2016. Ved forretninga møtte Magne og Sigrun Grønhaug for 22/16, 19, 80 og 109. Roger Myhr møtte for 22/27 og 99. Rune Rading møtte for 22/45, 97 og 110. I tillegg til dei framme møtte var også eigar av 22/13, deleigarar av 22/109, eigar av 22/3, eigar av 22/190, eigar av 22/28 og eigar av 22/64 varsla, men møtte ikkje.

Ved forretninga vart først grensa for 22/27 klarlagt. I samband med kartforretning over grensene til 22/13 i 2000, vart den søndre og austre grenselina til 22/27 koordinatfesta. I følgje skyldskiftet for 22/27 skal grensa mot vegen til Mjåtveitstø "følge veiens østre kant i 31m". Det vart sett ned asfaltspikar, grensepunkt 27-2, 31m frå tidlegare nedsett grensemerke i ende på mur, grensepunkt 27-1. Det er ikkje samsvar med lengdemålet som er oppgitt i skyldskiftet for 22/27 på den nordlege grenselina og målt avstand. I skyldskiftet er det oppgitt 48,5m medan vi har målt avstanden til 62,45m. Kommunen legg til grunn at det er den lengste grenselina eigar av 22/27 har innretta seg etter. Eigar av 22/27 la også fram gamle kart som stadfesta dette.

Grensa mellom 22/3 og 22/80 vart rekonstruert ved hjelp av skylddelingsmål for 22/80. Her står det mellom anna at "Grensa tek til i bnr 31 sitt sør hjørna veg vegen til Mjåtveitstø, og går i sørvestleg lei langs vegen 63m til grensa til bnr 3." Det vart målt med måleband 63m frå tidlegare nedsett grensemerke i bnr 31 sitt sør hjørne og sett ned ny asfaltspikar, grensepunkt 80-1 i vegkant. Magne Grønhaug opplyste at 22/3 har ein korridor mellom bnr 80 og bnr 16 som ikkje viste i kartet. I følgje skyldskiftet for 22/80 skal den vestlege og nordlege grensa til bnr 80 grensa til bnr 3 i ei lengd av tilsaman 122m. Grunnen til at det ligg eit restareal på 22/3 her, var at 22/3 skulle kunne ha tilgang på utmarksstykket sitt nord for bnr 19.

Grensene for 22/16 er skildra i skyldskiftet frå 1930: "Utgangspunktet tar til i en merkesten 4,20m sydvest for grensen mot bnr 6 og 1m fra veien fra Mjåtveitstøen, følger så veien 40m til en tidligere indhugget + i stor stein i grensen mot bnr 13." Den store steinen som er vist til, er borte i dag. Men punktet er rekonstruert i målebrevkartet for 22/13 som grensepunkt 22013B og ligg 3,5m frå grensemerke i mur, grensepunkt 27-1.

Når 22/109 vart frådelt frå bnr 16 i 1975, står det i skyldskiftet at "grensa tek til i parsellens sør hjørna i tidlegare hoggen + i stor stein på vestre sida av Mjåtveitstøvegen i grensa mot bnr 46. Herfrå fylgjer grensa vestre sida av nemde veg i nordaustleg lei omlag 14m"

Magne Grønhaug påviste kross i fjell i grensa mellom 22/109 og 22/111 ved oppkøyringa til 22/109, grensepunkt 109-1. Vidare påviste han kor han meinte grensa mellom bnr 3 og bnr 16 gjekk.

Utifrå skylddelingane til bnr 16 og bnr 19 har kommunen lagt inn og matrikkelført ei deleline mellom dei to parsellane. Vi har vidare retta opp kartet slik at korridoren til bnr 3 er lagt inn mellom bnr 16, 19 og 80.

Dei nye grensepunkta er innmålt med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard. Det er føretatt kontrollmåling av tre gamle grensemerker på 22/13. Her vart det funne litt avvik i koordinatverdiane. Avviket ligg mellom 0,07 og 0,16m.

Det er skrive ut nye matrikkelbrev for 22/13, 16, 19 og 27 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.


Sted

Frekhaug

Dato

07.07.2016

Underskrift



Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			